

ÅRSMELDING



Oppland Bygdekvinnelag 2023



Oppland



Kjære gode Bygdekvinner!

Fyrst: Takk til dykk alle som kvar dag står på og gjer noko godt for bygda, for familien, og alle dei som kjem dykkar veg. Vi treng dykk!

2023 flaug avgarde utan at eg forstår kvar tida vart av, sjølv om når ein ser attende så ser ein at ein har hatt «litt» på programmet dette året og.


Fokuset har vore mykje på norsk mat, og dermed beredskap. På årsmøtet vårt får vi høyre korleis noregs første «norsketerianer» tykkjer det er å handle kun norsk mat og drikke. Ho har hatt det som sitt prosjekt sidan nyttår, og har møtt på ein del utfordringar.

Alle treng ikkje gjer som Dordi, men viss alle er litt meire bevisst på kva dei puttar i handlekorga si, så bidreg alle til at vi beheld norsk matvareproduksjon!

Nøysom er tema, og saman med eit regionalt prosjekt vi skal ha saman med mellomanna Vassdragsforbundet sett vi og fokus på både klima og miljøet rundt oss og.

Bygdekinnelaget blir det VI gjer det til.

Audmjuk helsing frå Borgny



Styret har vore med på :

Borgny har vore med på:

Styremøter i Oppland
Bygdekvinnelag

Årsmøte i Oppland Bygdekvinnelag

Distriktsledermøte i Norges
Bygdekvinnelag

Inspirasjonsseminar i Stavanger

Styremøter i Studieforbundet kultur
og tradisjon

Styremøter i VOFO Innlandet

Årssamling Landbruksråd Innlandet

Møter med Vassdragsforbundet


Regionmøter i Oppland
Bygdekvinnelag

Jubileum hjå Torpa, Øyer og Lågen

Vara til styret i Norges
Bygdekvinnelag

Møter med Eva Dybwad Alstad fra
Norges Bygdekvinnelag

Vore sekretær i tillegg, og lagt ut på
nettsida, og SoMe



Margaret har vore med på:

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Årsmøte i Oppland Bygdekvinnelag

Regionmøte i Oppland Bygdekvinnelag

Gudrun har vore med på:

Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag

Årsmøte i Oppland Bygdekvinnelag


Jubileum hjå Lågen

Regionmøte i Oppland Bygdekvinnelag

Distriktsledermøter på Zoom


Anne Grete har vore med på:

- Styremøter i Oppland Bygdekvinnelag
- Årsmøte i Oppland Bygdekvinnelag
- Inspirasjonsseminar i Stavanger
- Årsmøte i Øystre Slidre Bygdekvinnelag



Mari har vore med på:

- Styremøter Oppland Bygdekvinnelag
- Årsmøte Oppland Bygdekvinnelag
- Regionmøte Oppland Bygdekvinnelag



Ingrid har vore med på:

- Styremøter Oppland Bygdekvinnelag
- Årsmøte Oppland Bygdekvinnelag
- Regionmøte Oppland Bygdekvinnelag
- Levert ut takke til heldig vinnar
- Distriktsledermøte på Zoom
- Årsmøte på Lesjaskog

Ina Bjerke har vore med oss frå
Oppland Bygdeungdomslag, og
Geir Lohn frå Innlandet Bondelag.



STYRETS ARBEID 2023

Vi har hatt 6 styremøter, der ei helg på Vinstra var fysisk.

Det har vore utfordrande å få samla oss til fysiske møter, men vi har brukt Teams og det fungerer veldig fint! I tillegg blir det mykje chat, og mail.

Vi har arrangert regionmøter med godt oppmøte, og vi har vore representert i fleire jubileum og årsmøter i året som har gått.

I tillegg har vi vore representert i Oppland Bygdeungdomslag, Studieforbundet kultur og tradisjon, Matregion Innlandet og Jordvernalliansen igjennom året.

Samstundes var Borgny og Anne Grete på Inspirasjonsseminar i Stavanger saman med Bygdekvinne frå heile Noreg.



Marit Tordhol var og med på Inspirasjonsseminar frå Lesja.

Regionmøter hausten 2023



For første gong hadde vi to regionmøter på ei helg, og for første gong hadde vi eit på Toten, og eit på Dovre.
Og det var med stor suksess! Det var bra oppmøte både stader, og alle var positive til å ha eit på Dovre, i staden for på Hundorp som vi har hatt mange gonger før 😊



Vi hadde mellom anna gruppearbeid der vi såg på kva lokallaga rundt om kunne samarbeide om, og kva dei tykkjer distriktsstyret skal gjera

BYGDELØFTET 2023

Mange av lokallaga var med på dette, og fleire hadde samarbeid med både Bondelaget og Bygdeungdomslaget.



Borgny var på besøk hjå Dovre, og var med dei på morgenkaffe i sentrum på Dombås



Borgny vart årets Bygdeløfter, og vart overraska med gåve av Gudrun!



Nordre Land og Torpa var «front lag» frå Norges Bygdekvinnelag si side



Nyheter →

Mari ble den heldige vinneren av denne splitter nye takka

Interesse for tradisjonsbokst gjorde at Mari Randen meldte seg inn i Lesja bygdekinnelag. Nå er hun vinner av ei splitter ny steiketakke.



Bli medlem i Oppland Bygdekinnelag! Meld deg inn no, og betal kun for 2024.

5 gode grunnar til å melde seg inn:

- Å vere med i eit bygdekinnelag er sosialt og triveleg
- Hjå oss kan du delta i varierte og spanande aktiviteter
- Du kan engasjere deg og påvirke politikken i ditt lokalsamfunn
- Vi hjelper og støttar kvarandre, i det nære og over landegrensane.
- Vi tek vare på og sprer kunnskap om norsk matkultur og mattradisjonar

Meld deg inn no, før 23.Desember og bli med i trekkinga av ei Meteor takke til verdi 2500,-



Medlemsverving!

Det er noko vi kan drive med kvar dag, heile året



Vi trekker vinnaren på årsmøtet vårt!



Lyst til å vinne ein kveld for 2 på Vianvang? !

Da må du:

- vera medlem i Oppland Bygdekinnelag
- dele dette innlegget på sida di
- skriv gjerne kven du vil ta med deg til Vianvang i innlegget her!

Vi i Oppland Bygdekinnelag er heldige som har Arne på vårt!!

Bygdekvinner bjudar på!



Borgny og leiaren i Vestfold, tok eine innleiaren i Stavanger litt på senga med å stille kledd slik ho likar ;)